OFFENTLEG INFORMASJON

HYRDINGEN

Nr. 3 September 2026 ÅRGANG 68

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Iselin, Vendel-Agathe, Vegard og Einar med konsert i Vikebygd (sjå s.4)

Kontaktinformasjon	s. 2	Ny biskop: Tor Magne Nesvik	s. 6	Støtteannonser	s.12
Presten har ordet	s. 2	Samanslåing av fellesråd	s. 6	Open kyrkje med kveldsbøn	s.12
Redaksjonspennen	s. 3	Arild Urdal takka av frå tenesta	s. 7	Gudstenestelista	s.13
Min song, av Kjell Sigmund Bakke	s. 3	Dåpen	s. 7	Kyrkjeboka	s.13
Musikalsk gudsteneste i Vikebygd	s. 4	Minneord: Anne Marie Reimers	s. 8-9	Bedehusa informerer	s.14
Rhododendron-dugnad på Bjoa	s. 4	Nåderommet - ein stad for forankring	s. 10	Møte og arrangement	s.15
Sommarkonsert i Imsland kyrkje	s. 5	Sommarfest og 60-årsjubileum	s.11	Nye konfirmantar	s.16
Takk til kantor Solveig Johannesen	s. 5	Vil du støtta kyrkjebladet?	s.11	Kyrkjeleg undervisning og læring	s.16

HYRDINGEN
Ansv. redaktør Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 531472
Adr.: Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:
Felles kontor i Skjold kyrkje
Kontortid etter avtale. Måndag er fridag.

Skjold, Vats og Vikebygd
Sokneprest Elisabeth Vatland Fauskanger
Tlf. 992 70 811, e-post: EF475@kyrkja.no
Kontor: Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Vikedal, Sandeid og Imsland
Sokneprest Eli Kolstad
Tlf. 909 97 717, e-post: EK675@kyrkja.no
Kontor: Kyrkjevegen 11, 5586 Vikedal

Ølen og Bjoa
Sokneprest Åse Selsvold,
Tlf. 456 05 184, e-post: AS953@kyrkja.no
Kontor: Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Kyrkjekontoret:
e-post: post.vindafjord@kyrkja.no

Kyrkjeverje Grethe Austevik Halvorsen
Tlf. 916 29 595, e-post: GH772@kyrkja.no
Kontor: Skjold kyrkje

Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 917 95 875
e-post: TV276@kyrkja.no

Kateket Britt Karstensen
Tlf. 452 21 580, e-post: BK827@kyrkja.no

Haugaland prosti:
Pb. 612, 5501 Haugesund
Prost Rune Steensnæs Engedal
Tlf. 52 80 95 00 / 918 34 019

Sokneråd, leiarar:
Skjold, Vats og Vikebygd:
Ingrid Mathilde Sørvåg
Ølen og Bjoa: Gunda Berge
Sandeid: Harald Olav Stuhaug
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Tine Karin Årvik
Imsland: Marita Kvitno Staurland
Fellesrådet: Steinar Sørhus

Presten har ordet

Av Eli Kolstad
Sokneprest i Sandeid, Vikedal og Imsland



Ein ny haust – med opne hender og kvilepuls

Sommaren er over, og kvardagen bankar på døra. Barnehagar, skular, arbeidsplassar og kyrkjelyden blir på ny fylte med liv, stemmer og planar.

For mange av oss bringar haustoppstarten med seg ein god og velkjend rytme. Nokre av oss har skuleruta og aktivitetskalenderen hengjande på veggen, og ser at rutene raskt blir fylte med gjeremål. Men sjølv om ein ikkje lenger følgjer skuleruta, kan vi alle kjenna på dette taktskiftet når kveldane blir mørkare og haustsemesteret tek til.

Hausten kan opplevast som ei blank side, full av høve til å samlast og gleda seg over fellesskapet. Samtidig veit vi at hausten også kan vekkja andre kjensler. For nokre kan dei mørke kveldane kjennast lange, og kvardagen kan bera preg av sakn eller uro for tida som ligg framfor oss. Forventningane til kva vi skal meistre, eller tankar på alt som har endra seg med åra, kan stundom gjere motet mindre.

Midt i denne overgangen, blir vi møtte med orda i Matteusevangeliet: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera, og eg vil gje dykk kvile.» (Matt 11,28)

Det djupe og trøystefulle med desse orda er at Jesus ikkje ber oss om å prestera, ta oss saman eller bevisa at vi strekkjer til. Han inviterer oss akkurat slik vi er – med dei kreftene vi har, og med dei byrdene vi ber på. Kanskje har vi allereie vorte litt slitne av å ha kome inn i kvardagstempoet att. *«Kom til meg, og eg vil gje dykk kvile.»* Gud kallar oss ikkje først og fremst til høg aktivitet, men til bøn, fellesskap og kvile.

Når arbeidet i kyrkjelyden startar opp att denne hausten, er det ikkje om å gjera å fylla kalenderen til randa. Misforstå meg rett: Vi treng at vi engasjerer oss i det som skjer både i samfunnet og i kyrkja. Vi treng kvarandre i fellesskap og medarbeidarskap. Men først og fremst handlar dette om å skapa opne rom der vi kan vera saman og senka skuldrene, og møte Guds kjærleik og nåde i lag. Kyrkja skal vera ein heim der vi kan koma med heile livet vårt, akkurat slik det er.

Vi kan gå laus på hausten i vissa om at vi ikkje treng å gjera noko for å fortena Guds kjærleik, men at vi alt er omslutta av den. Måtte denne hausten gje rom for gode samtalar, varme møte mellom menneske og stunder i Guds nærleik.

Velsigna haust og god oppstart!

Min song

«Jeg er i Herrens hender»

Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst
Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst
Hva dagen vil meg bringe av glede og av savn
Jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn
Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær
Om jeg i dype daler må gå den tunge vei
Fra himlens høye saler Hans øye følger meg

Jeg er i Herrens hender når dagen dør i vest
Min synd jeg stilt bekjenner for ham min høye gjest
Han gir meg himlens nåde og setter englevakt
For natten han vil råde med hellig guddomsmakt
Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når
Mens lyset stilt nedbrenner fra ham jeg hilsen får
Han gir meg stav i hånde, han gir meg trøst i sinn
Og glemt er ve og vånde på vei til himlen inn

Tekst: Erling Tobiassen 1932. Melodi: Sigurd Lunde1947.

Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland

Sommaren er over og haustsesongen er godt i gang. Poteter, bær og frukt er vel komne i hus mange stader, og i fleire kyrkjer vert det feira haust-takkefest midt i oktober. I kyrkjer og bedehus er planane lagde for kyrkjeleg undervisning og opplæring, eller «trusopplæringa» som vi før var vane med å seia. Difor inviterer vi også gjennom Hyrdingen til å delta i den aktiviteten som høver deg. Sjå sidene 13–16.

Brandøy er ein leirstad på Bjoa, med mykje flott aktivitet. I år kunne dei feira 60 år med eit stort arrangement. Her har mange, både born, ungdom og vaksne fått gode minne med seg. I august var konfirmantane samla her til ein dag, som del av konfirmant-opplegget. Sjekk programmet på: brandoy.no/leir

Det er komne mange nye landsmenn til Vindafjord i seinare tid. Mange frå Ukraina. I bygdene er det ulike tilbod der målet er integrering og at dei skal få kjenna seg heime. Nasjonaldagen deira, den 24. august, fekk mange av dei samlast til feiring i Vikebygd, i samarbeid med lokale eldsjeler. Gledeleg var det at mange bygdefolk kom saman med dei, nær 150 vart det på festen. Ta godt imot dei som kjem til di bygd.

I september vil sokneråda prøva ut ei ny ordning med å dela ut kyrkjebladet Hyrdingen i postkassane som ei dugnadsordning. Vi må spara kostnader, men er veldig avhengige av frivillige gåver og bladpengar. Vil du støtta arbeidet med Hyrdingen, så bruk VIPPS 531472 eller bank: 3240.11.17937.

Min song

Kjell Sigmund Bakke i
Samtale med Ingrid Sørvåg

Hyrdingen har denne gongen møtt Kjell Sigmund Bakke, som i august starta som kyrkjetenar i Vats kyrkje. Han ser fram til å vera med i kyrkja, og tar det som ei stor ære å kunna bidra til å halda liv i kyrkja og den kristne bodskapen.

Tidleg på 50-talet emigrerte foreldra til USA, og Kjell Sigmund er ekte norskamerikanar, fødd i Anaconda, Montana i januar i 1957. Då han var berre to-tre månader tok mora han og dei to brørne hans med seg heim til Gjerdesdalen i Vats, for å vera på besøk der. Vesleguten pådrog seg dobbelsidig lungebetennelse og var så sjuk at det måtte ordnast med heimedåp på garden. Dåpsfatet var eit blått keramikkfat som Kjell framleis har.

Etter to år i Vats, reiste Kjell og familien tilbake til USA. Kjell fortel: – Det var mykje arbeid i staten Colorado tidleg på 60-talet og me enda opp i Colorado Springs der far min jobba som murar på byggjeplassane rundt omkring. Han treivst veldig godt i Amerika, men mor snakka alltid om å dra tilbake til Noreg. Ho klarte dette til slutt i 1974. Eg ville få meg ei utdanning og blei igjen i Colorado.
– I april 1977 klarte eg å skrapa saman nok pengar og reiste på besøk til familien i Noreg. Eg fann vegen til hurtigbåtterminalen i Stavanger og tok båten til Sandeid. Der kom bussen og om bord sat mine søsken: Linda, Terje og Nilla. Det var veldig rart å treffa dei akkurat der denne dagen. Dei visste ikkje at eg skulle komma og det blei ei stor overrasking for alle.
Med englevakt så var dei der. Elles hadde eg hatt trøbbel med å finna vegen til garden.
– Opphaldet mitt i Noreg seint på 70-talet blei ei rein openberring. Den flotte og frie naturen lokka. Det var ein stad der nesten alle var likestilte og mest av alt, det var fred og



Nytilsett kyrkjetenar, Kjell Sigmund Bakke.

mykje velstand. Det ble aldri nokon retur til USA. I staden for, fekk eg studera i Stavanger og til slutt fann eg vegen ut i Nordsjøen der eg jobba i mest 40 år. Undervegs trefte eg ei flott Vikedal-jente som ville dela livet sitt med meg. Det gjekk som med dei fleste, familien blei etablert og huset og bilen blei kjøpt. Eg har hatt eit fantastisk liv i Noreg og eg kan berre takka Gud og landet for kor heldig eg har vore.

På spørsmålet om kva kyrkja har betydd, svarar Kjell at Vats kyrkje har betydd mykje. – Det gamle bygget frå 1855 er eit symbol for kven vi er, og kva vi trur på. Det er ein del av vår identitet og tradisjon Det lyser fred over bygget og det er ein fin stad å vera og minnast dei som var før oss. Eg likar svært godt kyrkjemusikken, eit postludium av Bach spelt på orgelet er berre fantastisk å høyra på.

Det er så mange fantastiske fine salmar, og svært vanskeleg å velja Likevel, til slutt fall valet på: **«Jeg Er I Herrens Hender»** frå 1932, av Erling Tobiassen med musikk frå Sigurd Lunde, skriven i 1947. Kjell fortel at denne songen passar så godt inn i livet hans. Den fortel om medgang og motgang i livet. Sjølv har han fleire gonger i livet opplevd å ha englevakt og at det er noko over oss som held si hand over oss. Han var alvorleg sjuk som barn, har hatt fleire ulukker ute på ski, men er blitt berga.
– Vi gjekk i fjellet i Stølsheimen i juli i år, i 9 dagar. Det var ein ganske krevjande tur for oss, men nesten kvar morgon var det blå himmel over oss. Eg kunne ikkje anna enn å sjå opp og takka Gud for at han ga oss det fine turvêret over så mange dagar. Det kunne blitt heilt annleis. Eg ønskjer å vera i Herrens hender i alle dagar. Eg vil takka for ei så pass bra helse at eg framleis kan gå i fjellet, renna på ski og gjera ting som er fysisk krevjande. Eg vil takke for det gode livet eg har fått.

Musikalsk gudsteneste i Vikebygd



Arne, Ingrid , Håvard, Iselin, Vendel-Agathe, Vegard og Einar deltok med song og musikk i den musikalske gudstenesta.

Tekst: Steinar Skartland
Foto: Kjell S. Bakke

Det har vorte ein tradisjon i Vikebygd å ha konsertar med lokale musikarar i kyrkja om sommaren. Søndag 5. juli fekk ein stor kyrkjelyd oppleva ei flott musikalsk gudsteneste, leia av sokneprest Elisabeth Fauskanger. Det mangla ikkje på lovord frå dei over hundre som tok turen til den kvite murkyrkja denne føremiddagen.

Vi kan vel trygt seia at når arkitekten bak det musikalske var Arne Tveit, så blir det høg kvalitet. Han hadde med seg ei gruppe lokale, flinke musikarar. Både som forsongarar til allsongen og framføring av vakker song og musikk, fekk me høyra: Vendel-Agathe Skartland-Hide (song og kornett), Vegard Skartland-Hide (song og piano), Iselin Eidhammar Tveit (song), Einar Bakke (gitar og song), Ingrid Tveit (piano og song), Håvard Tveit (bass) og Arne Tveit (orgel og keyboard). Ansvarleg for god lyd var Jens Magnar Tveit.
– Med moderne songar frå både Bob Dylen og Sting blei gudstenesta løfta opp til ein høgare dimensjon, sa Kjell Sigmund Bakke etterpå. På slutten song alle med på «Amazing Grace», til musikk frå kyrkjeorgelet med Arne Tveit på orgelkrakken. Postludiet som avslutta gudstenesta var songen: «Ser deg no», av Odd Nordstoga, framført av Vendel-Agathe og Vegard. Så var det tid for kyrkjekaffi og ein god prat før heimturen.

Vikebygd har mange hytter og mange av feriegjestene tar turen til kyrkja når dei er her. Flott er det også at bygdefolk kjem frå både Vikebygd og nabobygdene når det er gudstenester her. Vi har åtte kyrkjer i Vindafjord og det er ofte både konsertar og god musikk under gudstenester. Det er verd å ta turen når kyrkjeklokkene ringer. Takk til dei som deltok.

Rhododendron-dugnad på Bjoa



Sindre Sandsgård og Monica Handeland dreg på greiner medan Gunnar Dalen (inni buskaset) skjer ned.



Arbeidet går med godt humør hos Kjartan og Ingebjørg Innbjo.



Ingebjørg Innbjo, Monica Handeland og Roald Sandsgård lempar greiner i hengaren. I dugnadsgjengen var også: Liv-Kari Bødtker, Jan Rolfsnes, Elin Thorsen, Gunnar Dalen, Kjartan Innbjo og Sindre Sandsgård.

Tekst og foto: Liv-Kari Bødtker

Med soknerådet i bresjen har ein dugnadsgjeng rydda vegetasjon rundt Bjoa kyrkje, og meir skal det bli gjort, er planen.

I samarbeid med kyrkjeverje Grethe, har soknerådet på Bjoa tatt på seg å stå for ein del dugnad for å ta igjen noko av etterslepet på vedlikehald rundt kyrkja og kyrkjegarden. I fellesskap ønskjer ein å gjera det finare rundt kyrkjene våre og å frigjera areal til fleire graver.

Rhododendronhekken ved Bjoa kyrkje har vore eit syn under blø-minga på forsommaren, men ein mørkegrøn vegg som låg utover graver, p-plass - og som har tatt utsynet til kyrkja elles i året. Dugnadsgjengen var i sving i ettermiddagssola ein august-måndag og skar ned og fjerna dei digre buskane. Motorsag måtte til og lass etter lass blei køyrt vekk og deponert hos ein grei nabo. Det ser litt nake ut nett nå, men buskane vil skyta nye greiner så det om få år igjen er ein fin, grøn og blømande hekk.

Det blei også fjerna ein del store buskar og tre inne på kyrkjegarden og langs gjerdet i vår, og endå gjenstår ein del arbeid med å fjerna gammal vegetasjon og å utbetra gjerdet. Både soknerådet og bygda gler seg over dette løftet for kyrkja vår!

Sommarkonsert i Imsland kyrkje



Solveig Meling Johannesen sluttar som kantor i Vindafjord, 31. august, etter 2,5 aktive år i teneste hos oss.

Tekst og foto: Kjell Sigmund Bakke

I regi av kunstnarisk leiar Liana Krasniqi og kantor Solveig Meling Johannessen blei det halde sommarkonsert i den vakre Imsland kyrkje den 3. juli, med fleire dyktige musikarar. Solveig som har vore kantor i Vindafjordkyrkjene i 2,5 år, slutta i stillinga den 31. august.

Liana, som var utvekslingsarbeidar ved Hogganvik landsby, spela både cello og piano mens Solveig spela piano og orgel. Med seg hadde dei kyrkjemusikar Einar Bakke på gitar og piano og to musikarar frå USA: Sarah Richter på fiolin og Sue Sidoti på piano. Dei 5 musikantane presenterte eit særs variert program som varierte mellom Engelske folketonar, Edvard Grieg og Johan Sebastian Bach på kyrkjeorgelet.

Det var ein utruleg fin sommarkonsert og ein avskjedskonsert for både Liana Krasniqi og Solveig Meling Johannessen. Liana, som ofte deltok som medmusikant med Einar Bakke i kyrkjene, var på slutten av opphaldet sitt ved Hogganvik landsby. Ho skulle nå returnera til heimlandet, Tyskland. Kantor Solveig Meling Johannessen var også på veg til ny stilling i Stavanger. Vindafjord mistar nå to svært dyktige musikarar som kan bli vanskeleg å erstatta. Kvelden i Imsland vart heilt spesiell og vil bli huska av alle som var til stades. Me må berre ønskje musikarane lukke til vidare der dei spelar på livets veg.



Liana Krasniqi og Solveig M Johannesen som begge nå reiser frå Vindafjord.



Musikarane som stod for konserten: Sarah Richter, Liana Krasniqi, Einar Bakke, Sue Sidoti og Solveig Meling Johannessen

Takk, Solveig

Me vil takka Solveig Meling Johannessen for 2,5 flotte år som organist i Vindafjord kyrkjelege fellesråd. Ho er ein flott person som har gleda mange i Vindafjord med mykje fin musikk, både på gudstenester, vigslar, gravferder og konsertar.

Solveig er allsidig og spelar både klassisk musikk og moderne musikk på orgelet. Ho har òg hatt med seg andre musikarar, slik at det har blitt fint samspel til glede for dei som var til stades. Innimellom har ho og hatt prosjektkor rundt om i sokna.

Solveig skal frå 1. sept jobba i St.Johannes kyrkje i Stavanger.
Me ynskjer henne lukke til i ny jobb!

Grethe Halvorsen, kyrkjeverje.



Solveig vart takka av Grethe i gudstenesta 30.8. Foto: Nils Tokheim

Tor Magne Nesvik
Ny biskop tilsett

– Kyrkja er viktig og relevant

Tekst: Tove Marie Sortland,
Stavanger bispedømme

Tor Magne Nesvik vart tilsett som ny biskop i Stavanger bispedømme. Han har stor tru på folkekyrkja og er stolt av bispedømmet. – Framfor alt alle folka som skaper kyrkjelivet.



– I kyrkja skal vi aldri berre ha nok med oss sjølve, men utfordrast til å stå opp for kvarandre. Eg vil peike på urett og urettferd og at vi må ta vare på kvarandre og på skaparverket, seier Stavanger bispedømmes nye biskop, Tor Magne Nesvik. Foto: Den norske kirke

Då han vart presentert i Stavanger domkirke 22. mai sa Nesvik at kyrkja er ein stad som rommar alle menneske. Ein stad der ein kan få høyre at «du er verdifull, du er elska».
– Det er viktig for meg at alle menneske får oppleve at dei er skapte i Guds bilde og at dei kan leve i lys av Guds nåde. Som biskop i Stavanger vil eg arbeide for akkurat dette, seier Nesvik.

Kvilepuls og utfordring
Tor Magne Nesvik har vore prost sidan 2020. Først i Ytre Stavanger prosti, og frå januar 2026 har han vore konstituert domprost i Stavanger. Han har tidlegare vore soknepresti St. Petri menighet og prest og dagleg leiar i KFUK-KFUM Ynglingen. Nesvik var også leiar for utviklingsprosjektet «Kirken i Stavanger mot 2020» som stilte spørsmålet: Korleis vere kyrkje i ei ny tid?

– Kyrkja er staden du skal finne kvilepulsen, freden, Jesus. Kyrkja er staden du skal få vite at Gud rommar heile deg. Gud elskar deg. Uansett, understrekar Nesvik, og legg til:
– Men kyrkja er òg staden der du skal bli utfordra. Staden vi aldri berre skal ha nok med oss sjølve, men utfordrast til å stå opp for kvarandre. Eg vil peike på urett og urettferd og at vi må ta vare på kvarandre og på skaparverket.

Stort potensial og gjennomslagskraft
– Bibelen lærer oss om mennesket sin ukrenkelege verdi. Om at vi alle er Guds barn, store og små, uansett kor vi bur, kva vi gjer eller kor vi kjem frå. Vi er søsken, allemannalle, som er skapt til å vere nettopp dei vi er: Oss sjølv. Unike. Men samtidig heilt like alle andre.

Den nye biskopen meiner at Den norske kyrkja i Rogaland har eit stort potensial og gjennomslagskraft.
– Eg er stolt av bispedømmet, kyrkjebygga våre, men framfor alt alle folka som skaper kyrkjelivet her i Rogaland! Eg har ei enorm tru på Den norske kyrkja i Stavanger bispedømme. Jesus, kyrkja og Bibelen er relevant og viktig i vår tid, slår den nye biskopen fast.

20. september blir Tor Magne Nesvik vigsla som biskop i Stavanger domkirke. Gudstenesta vert strøyma på www.kirken.no.

Vil du lese meir om Tor Magne Nesvik eller høyre han på podcastar eller i NRK, gå inn på www.kirken.no/stavanger og vel «Ny biskop til Stavanger».

Kyrkjene i Vindafjord og Tysvær slår seg saman

Av Steinar Skartland

Fellesråda vedtok samanslåing til eitt fellesråd for Vindafjord og Tysvær.

Fellesråda har arbeidd med denne saka i lengre tid då ein trur at dette kan gjera det lettare å ha den kompetansen som det er trong for i tenestene framover. Fellesnemnda som vart oppretta (sjå Hyrdingen nr 2) tilrådde 27. mai at ein vil slå saman dei to fellesråda, noko som vart stadfesta i begge fellesråda 3. juni. Saka vart etter dette sendt ut på høyring med høyringsfrist 20. august.

Den 26. august hadde begge fellesråda kvar sine møte der også innkomne høyringsinnspel vart lagde fram. Begge vedtok om samanslåing, med likelydande vedtak:
«1. Vindafjord Kyrkjelege Fellesråd gir Fellesnemnda fullmakt til å sende inn søknad til Kyrkjerådet om samanslåing av Fellesråda i Tysvær og Vindafjord.
2. Fellesnemnda må vidare parallelt med søknadsbehandlinga hjå Kyrkjerådet setje i gong nødvendige tiltak for å sikre vedtatt tidsplan for samanslåinga.»

Ordninga kan då verta etablert frå januar 2027 med lik representasjon frå kvar av kommunane. Kyrkjerådet har løyvd kr 400.000 til vidare prosess utover hausten.

Arild Urdal takka av frå tenesta

Av: Steinar Skartland
Foto: Kjell S. Bakke

Etter mange år i teneste for kyrkja har Arild Urdal teke valet om å bli pensjonist, i alle fall frå rolla som kyrkjetenar i Vats. Ein aktiv mann som i ein alder av 73 år, framleis produserer og leverer flis til fyringsanlegg i distriktet.



Arild Urdal har hatt ulike roller her i kyrkja i Vats. No sist som kyrkjetenar sidan 2016. Kyrkjelyden er takksame for alt han har gjort i alle desse åra, også som soknerådsleiar og lekprest. I alvor, når det trongst, men ofte også med eit glimt i auga , seier Steinar Sørhus.



Alle som kjenner Arild, veit at han er eit arbeidsjern, som «morkar» på både seint og tidleg. Litt færre veit at han er ein kunstnar. Som med sveiseapparat og gamalt skrapjern, kan omskapa skrot til fantasifulle skulpturar. Difor høver det bra at han, som takk, får ein jernskulptur av ein maur med spade - ein arbeidsmaur!

Under gudstenesta i Vats kyrkje søndag 12. juli vart Arild takka av etter ti år som kyrkjetenar frå 2016. Han fekk gåve, lovord og takketale frå Steinar Sørhus som både er leiar i fellesrådet og sit i soknerådet. Gåva var ein jernskulptur av ein maur med spade, noko som høver godt for Arild sin innsats både i kyrkja og i kvardagen lokalt.

Arild har tidlegare vore aktiv i soknerådet. Han var medlem i undervisningsutvalet, og deltok m.a. mange gonger på konfirmantleirar. Ei tid var han også leiar i soknerådet. Han minnes at at langt tilbake gjorde han også teneste som lekprest.
– Hugsar ikkje årstalet, seier han, – men det var den tida då biskop Bjørn Bue levde (så det må ha vore før 1997).

På Facebook skreiv soknepresti Elisabeth Fauskanger denne helsinga:
– Takk Arild. Eg vil takka deg for at eg fekk arbeida saman med deg i kyrkja i Vats. Det har vore fint, og at du framleis vil ha mange prosjekt på gang, er eg ganske så sikker på. Så den mauren, den passa fint (gåva).

Ny kyrkjetenar i Vats er tilsett frå august, der Kjell Sigmund Bakke har teke imot stillinga.



Arbeidsmaur i gåve til Arild.

Dåpen

Tekst: Steinar Skartland
Foto: Kjell Sigmund Bakke

Det var barnedåp i Vats kyrkje søndag 2. august. Biletet viser foreldre og fadrar: Mandius Stokland, Mathias Skrunes, Anette Øgland med Werner Skrunes, og Emmelin Larina Tvedt Nilsen.

Dåpen er ein fest og høgtidsdag for familiane det gjeld. Den som blir døypt blir samtidig medlem i Den norske kyrkja. På nettsida, **vindafjord.kyrkjer.no**, kan du lesa meir om dåpen og korleis du melder barnet opp til dåp i Vindafjord.

I heile den kristne kyrkja er dåpen det grunnleggjande sakramentet som dannar utgangspunkt for den døypte sitt liv i trua og i kyrkja. Det er ein føresetnad for dåp av born at dei vert oppseda i kristen tru. Foreldra er ikkje åleine om dette ansvaret. Kyrkja har gode tilbod til borna på ulike aldersteg som me ventar at borna tek del i.



Vesle Werner døypt i Vats kyrkje 2. august.

Anne Marie Reimers

- misjonær og skulestyrar på Madagaskar

Tekst omarbeida av Tone Marie Skipevåg Andreassen,
etter artikkel i Vindetreet, 2018

Anne Marie Reimers frå Vikedal gjekk bort 29. juni 2026, 95 år gammal. Ho har bak seg eit rikt og aktivt liv som vi her presenterer noko frå. Vi lyser fred over minnet.

Anne Marie Reimers hadde eit langt, spennande og opplevingsrikt liv i misjonen si teneste. Ho var fødd og oppvaksen i Vikedalsdalen, der ho gjekk på Mo Skule, og på søndagsskulen fram til konfirmasjonen. Ho fekk med seg alt som føregjekk på bedehuset; både møter og basarar. Det var i denne tida ho bestemte seg for at ho ville fylgja Jesus.

I Vikedalsdalen var det ikkje noko kristeleg ungdomslag eller liknande foreining. Det var Ungdomslaget og deira hus som var tilbodet. Mange gleda seg til å kunne gå på dans, men Anne Marie kunne ikkje dansa, så ho fann ikkje noko glede i det. På vinteren var det ofte kurs i folkeviseleik, og det syntest ho var kjekt.

Det vart ikkje nok elevar til eigen framhaldsskule det året ho gjekk ut av skulen, derfor gjekk ho på Ryfylke Folkehøgskule på Sand. Det var eit fint år. Etter dette fekk ho seg arbeid som «stuepike» på ein storgard. Der hadde dei mange ungdommar som hadde praksis for å koma inn på ein hagebruksskule. Dette fann ho ut var ei grei utdanning. Ho hadde tre praksisår før ho kom inn på hagebruksskulen i Grimstad. Etter halvtanna år i Grimstad var det ut i arbeid som gartnar.

Etter nokre år som gartnar, fann Anne Marie ut at dette ikkje var det ho ville ha som yrke. Ho orienterte seg litt om arbeid som lærar, men sidan ho korkje hadde realskule eller gymnas, måtte ho gjennom eit «puggekurs» på Solborg Folkehøgskule. Dette er ein kristen skule, så der fann ho tilbake til kristentrua si frå barndomen.

Ho kom inn på lærarskulen på Stord hausten 1958. Etter eitt år på lærarskulen tok Anne Marie valet om å seie ja til Jesus, på ei gudsteneste med nattverd. Ho var veldig spent på om det ville opplevast annleis, og det gjorde det. Ho kjende seg fri og løyst frå all frykt for det som måtte koma. Dette vart starten på eit nytt liv. Jesus var nøkkelen til fred med Gud.

Ferdig på lærarskulen i 1962, fekk ho arbeid på ein grunnskule i Svelvik, litt sør for Drammen. På fritida var ho aktiv i indremisjonen. I 1964 vart ho oppmoda til å ta eit år i forming. Det vart eit gildt og lærerikt år i Notodden, der ho blei kjent med den ytre misjonen. Her kom tankane om dei som aldri hadde høyrt om Jesus, og ho bad mykje om at Gud måtte visa henne vegen.

Heime i Vikedal i sumarferien, vakna Anne Marie ei natt av at nokon snakka til henne og sa: «Du skal reisa ut som misjonær». Ho vart heilt vaken og forskrekka. Ho hadde jo bedt om å få sjå vegen vidare framover. Det verka heilt umogleg. Men det var klar tale, så ho berre bestemte seg for å ta båten til Stavanger, gå til misjonsselskapet (NMS) og melda seg til teneste. Slik ville ho få vite om dette var eit kall til misjonsteneste. Anne Marie var då 36 år, som misjonsselskapet meinte var i eldste laget, men dei hadde bruk for henne i heimearbeidet. Ho svara ja til dette arbeidet, sjølv om ho hadde tenkt seg noko anna. Hadde det vorte utanlands kunne ho fått arbeid som lærar, medan arbeidet i Norge var å vitja foreiningar, halde andaktar, tala på stemner o.l. Ho fekk arbeid i Drammen krets og arbeidde nesten eitt år der.

På denne tida vart ho godt kjend med misjonsarbeidet, både heime og ute, så det var ei lærerik tid. Men



Misjonær Anne Marie Reimers.
Foto Kely Mandresy.

frå NMS sentralt fekk ho brev om at dersom ho framleis trudde at ho skulle ut til eit misjonsland, så fekk ho søkja i ein annan misjonsorganisasjon. Kretsen i Drammen foreslo at Anne Marie skulle ta eit kurs på Bibelskulen i Stjørdal, koma attende til Drammen, kjøpa seg leilegheit og fortsetje arbeidet der.

Trygve Sandvik, som seinare vart prest i Skjold, var då styrar på Bibelskulen i Stjørdal. I samband med avsluttinga av kurset i Stjørdal hadde ho fått eit lite kort med bibeltekst av ein elev, der det sto «Sjå, eg har satt framføre deg ei opna dør som ingen kan lukka. Du har lite kraft, og likevel har du halde fast på mitt ord». Då visste ho at dette var grønt lys for henne. Sandvik oppmoda henne til å prate med han som då var vikar for generalsekretæren i NMS. Denne sa at ville Gud ha henne til Madagaskar, så ordna Han det. Ho skulle kome innom kontoret når ho reiste forbi Stavanger, så skulle ho få papir til søknad for misjonærteneste. Ho fekk papira frå NMS og reiste så tilbake til Drammen. Kretssekretæren der var overraska over at ho ikkje var komen på betre tankar. Ho skreiv ein detaljert søknad om kva ho hadde gjort fram til då.

Anne Marie hadde lese mange misjonsbøker i tida som arbeidar i NMS. Då ho las bøker frå Aust-Madagaskar, fekk ho tru på at ho skulle arbeide der. Ho hadde ikkje sagt noko om dette til misjonssekretæren i NMS, men då telefonen kom

frå Stavanger var det med beskjed om at ho var tilsett som misjonær i NMS og skulle arbeidde på Aust-Madagaskar. Det var ei fantastisk melding å få. Då sov ho ikkje på to netter. På toppen fekk ho melding om å koma til Stavanger så raskt som mogleg, for ho skulle ha eit kurs i fransk. Det vart spennande og hektiske dagar i Drammen før ho kom seg av garde.

I Stavanger trefte ho Ingrid og Njål Lofthus frå Sauda, som alt hadde starta opplæringa. Alle tre var for gamle for misjonsskulen, og ingen av dei hadde franskkunnskapar. Ein lektor på St.Svithun var læraren. Han forstod ikkje korleis dei skulle greia seg i eit fransktalande land. Han måtte trøystast med at dei skulle læra gassisk. Fransk var berre døra inn til det lokale språket.

Dei var i Stavanger frå februar til juli månad. Bagasjen skulle vera klar til dei reiste til Paris i august. Alt som trongst i huset måtte vera med. Dei som reiste til Paris i 1967, var dei første misjonærane som fekk reisa til Madagaskar med fly. Tidlegare reiste dei med båt, og brukte ofte to-tre månader på turen ned. Dei var fem lærarar og ein sjukepleiar som reiste med same flyet.

Det var NMS som styrte alt arbeidet på den tida, så når nokon var ferdig med arbeidsperioden måtte NMS skaffe avløysarar. Det var oftast norske ugifte lærarinner. Dei norske var alltid skulestyrar på denne tida. All undervisning gjekk på fransk, og dei elevane som var gode i fransk, fekk reise til Frankrike og ta fagleg utdanning. Dei som kom heimatt til Madagaskar var ettertrakta både i stat og kyrkje.

Anne Marie hadde mange periodar på Madagaskar. I Manakara frå 1969 til 1973 og i Vangaindrano frå 1974 til 1978 var ho skulestyrar. Ho arbeidde så som evangelist i Vohipeno frå 1980 til 1983. Dette var eit allsidig arbeid, med bibeltimar og leseopplæring, men også handarbeid, strikking, fletting og husbesøk. Det var mange episodar å minnast frå denne tida. Det var innbrot i huset, alvorleg trafikkulukke og mange tøffe opplevingar. Det meste frå denne tida var likevel positive minne.

Frå 1978 budde og arbeidde Anne Marie for misjonen i Møre og Romsdal når ho var heime i Norge. Frå 1983 til 1984 gjekk ho eitt år på Distriktshøgskulen i Volda, med studiar i misjon og kristendom. Deretter bar det tilbake til Madagaskar att. Frå 1985 til 1987 var ho husmor på den norske skulen i Antsirabe. I denne tida starta ho, saman med to gassiske lærarinner, ein barneheim i Antsirabe. Det var vanskelege tider. Små born vart sett igjen på torg og i vegkantar av foreldre som ikkje såg syn med å fø opp borna sine. Dei tre fekk kjøpt ein eigedom med bra hus og nokre mål jord til matproduksjon. Heimen fekk namn Akanisoa – «Den gode heimen» på gassisk. 25 born fekk sin heim her.

I 1989 reiste Anne Marie til Nord-Madagaskar, til Sambava, der ho var til 1991, som lærar på ein ny bibelskule. NMS hadde ikkje tidlegare hatt misjonærar på Nord-Madagaskar, men nå bad gassarane om å få norske misjonærar dit. Såleis kom nokre få av dei til å arbeide i Sambava. Dette var ein fin plass med god velstand. Det var store plantasjar med kokos, kaffi og vanilje. Alle som ville fekk lønna arbeid.

Dei første åra var undervisinga i kyrkja like utanfor byen. Då ho seinare kom ned som vikar for Roald Mong, var den nye Bibelskulen ferdig. Den låg nokre kilometer nord for Sambava. Då var Anne Marie åleine norsk der, så det vart litt einsamt i helgane, men det var berre for eitt år så det gjekk bra.

Til Marolambo kom Anne Marie i 1994 som vikar for Helga Eikeland. Dette var eit veglaust område i skogen. Det var tre dagar å gå før du kom til bilveg. Dei fleste familiane hadde skuleborn, og skulen var på Antsirabe i innlandet. Då ho kom dit hadde MAF småfly som gjekk til utkantane, slike stadar som Marolambo som ikkje hadde brukbare bilvegar. Dei hadde fått bygd ei flystripe oppe på ein topp, som gjorde livet litt enklare om ein ville til ein større by. Elles var det radiosamband med innlandet kvar dag kl. 12. Poliklinikkane nytta seg av denne radioen når dei trong medisinar. Elles var radioen viktig for fly og helikopter, som måtte vita korleis været var. Det var ofte tåke i skogane, og då kom ikkje fly eller helikopter ned.

I Marolambo underviste Anne Marie på bibelskulen. Men ein måtte jo også delta på stemner og møte i distrikta, og då var det å gå til fots. Dei første månadene var tøffe, for ho var ikkje i form til å gå timesvis i bratt terreng. Etter kvart som tida gjekk vart ho svært så sprek, og imponert over at ein kunne kome i form sjølv om ho då var over 60 år.

Anne Marie kom heim frå Madagaskar etter siste arbeidsperiode sommaren 1996. Det siste arbeidsåret arbeidde ho i NMS i Møre og Romsdal, fram til ho pensjonerte seg i 1998. Då flytta ho heim til Vikedal.

Heime i Vikedal engasjerte Anne Marie seg i organisasjonslivet. Ho vart vald inn i soknerådet i 1999, og stod i spissen for oppstart av søndagsskule, Alpha-kurs, kor og kulturkveldar, og ungdomsklubben fekk ny vind i segla. Ho var aktiv i dette arbeidet heilt fram til dei seinare åra. Hennar omgivnadar fekk også sjå prov på hennar tidlegare yrke som gartnar, med hennar flotte og velstelte hage ved huset hennar i Vikedalsosen.

Sjølv om ho no var pensjonist, heldt ho fram arbeidet sitt for dei små på Madagaskar. I 2011 reiste Anne Marie på nytt nedover, og denne reisa vart starten på ein ny skule i Tsararano, nokre kilometer utanfor Manakara. Tomt og byggemateriale vart innkjøpt, og ho fekk mannfolka i byen til å setje opp skulehuset på dugnad. Pako, Anne Marie si tidlegare hushjelp, fekk ansvaret for det administrative arbeidet med skulen. Det vart tilsett lærarar og ei kokke. Skulen har i dag rundt 350 elevar frå første til femte klasse, og er driven av midlar frå misjonsvener i Norge. Skulen har namnet «Kely mandresy» som tyder «Sigerherren».

Me rundar av med eit avsluttande ord frå Anne Marie: «Mange nordmenn reiser på ferie til ulike land. Eg tek turen til Madagaskar. Der har eg kjende, noko å gjera og nokon å hjelpa. Det gjer livet mitt meiningsfullt og rikt å leva».

Sjå meir om arbeidet på www.kely.no.

Nåderommet - ein stad for forankring

Av: Ingrid Mathilde Sørvåg

Søstrene Martha Breistig Woll - grafisk designar, og Reidun Breistig - gullsmed frå Tittelsnes, er onsdag 16. september i Skjold kyrkje. Reidun hadde med dåpskors, og Martha delte med oss tankane bak dette symbolet.

Martha har laga mange logoar, og fekk trong til å laga eit visuelt uttrykk for trua si. Gjennom prosessen vart eit gamalt klassisk symbol, firbladet, berar av Guds nåde. Og symbolet fekk namnet: Nåderommet.

Me vart introdusert for fire nådeord: Nær - Åpen - Dagleg - Evig. Saman med det engelske akronymet for GRACE vart Nåderommet til. Sjå illustrasjon.
– Dette er ikkje noko nytt. Ingen nye symbol. Ingen nye teoriar. Det er ein synleg måte å setja saman grunnleggjande sanningar på. Då vert det enklare for tanken å sjå samanhengane i trua. I det daglege - som er utruleg mangfaldig, er nåden også mangfaldig.

NÅDEROMMET
ET SYMBOL TIL FORANKRING



En bolig er den eldgamle Gud, her nede er hans evige armer.
5. Mos 33.27

Og overveldande stor. Paulus skriv: Men Herren sa til meg: «Min nåde er nok for deg, for krafta blir fullenda i veikskap.»
– I dette "rommet" kan me kvila i det som er gjort for oss frå Guds side. Her er rom for seier og fallitt. Å tru er å bu - i Nåderommet, vart mi personlege vedkjenning, seier Martha.
– Nåderommet er eit slags hugsesymbol på kva vi har i Kristus. Det er enkelt å laga sitt eige husalter heime som eit nåderom. Ein kan bruka nært sagt kva som helst for å skapa ein slik "stasjon". Det kan også nyttast som eit pedagogisk verktøy i mange ulike samanhengar - alt frå born til vaksne.

G - GOD'S
R - RICHES
A - AT
C - CHRIST'S
E - EXPENSE



Trad. akronym

N - NÆR
Å - ÅPEN
D - DAGLIG
E - EVIG



Akronym: M. E.B. Woll ©

ENKELT SAGT: Fordi Gud har gitt oss av sin rikdom på Kristi bekostning - så kommer denne nåden **nær** oss, den er **åpen** for alle, den gis på nytt **daglig**, og den har et **evig** perspektiv.



FIRBLADET (Quatrefoil) er et klassisk, mye brukt symbol, i kristendommen for de fire evangelistene, og ofte i kirkekunst og -arkitektur.
KLØVERKORSET er et blant mange ulike korstyper. Plassert i et firblad utgjør det en visuell helhet. Disse to formene er mye brukt sammen.
NÅDEROMMET bruker symbolet til å synliggjøre et nådens rom.
Alt på grunn av Jesu fullkomne verk.

Sommarfest og 60-årsjubileum

Tekst og foto: Trond Ove Alvseike

I flott sommarvær blei den årlege sommarfesten på Brandøy Misjons- og Konferansesenter denne gongen kombinert med 60 – årsjubileum for oppstart av ungdomsheimen.

Etter ei kort byggjetid blei Brandøy Ungdomsheim offisielt opna og vigsla den 21. august 1966. Nokre få år tidlegare mottok IMS (Indremisjonssamskipnaden) den 170 dekar store eigedomen, Brandøen, som gåve frå Amanda Hauge på Haugsgjerdet.

Nå, 60 år seinare, har Brandøy Misjons- og Konferansesenter, som er det offisielle namnet, gjennomgått fleire ombyggingar og endringar. Tilbygg og utbetringar er komne til, og ved utgangen av året vil også tre nye hytter bli tekne i bruk.

I dag framstår Brandøy som ein moderne, praktisk og tiltrekkjande samlingsstad for alle aldersgrupper, der leiraktiviteten for barn og unge framleis er det viktigaste. Det er høgt aktivitetsnivå året gjennom. Til dømes hadde fjoråret totalt 16 leir-arrangement, og i alt 5400 overnattingar, ein auka frå år til år.



Tom Jarle Istad Kristiansen med prosjektkor deltok på Gospelnight fredag kveld.



Avrtoppande dagleg leiar Marit H. Ådnanes (t.v.) saman med styrarparet Annbjørg og Andreas Våge.

Under jubileumshelga i juni fekk dei mange gjestene med seg gode og inspirerande samlingar og møter, i tillegg til flotte konsertar. Og ikkje minst laurdagskvelden med ekte «fest og basar».

Kvittering Innbetalt til konto | Beløp | Betalerens kontonummer | Blankettnummer: 6162000361

Betalingsinformasjon

GIRO

Betalings-frist

Bladpenger til kyrkjebladet Hyrdingen frå:

Underskrift ved girering

GIRO F60-1 - D.T. - Form. 256 - 11.23

Betalt av

Betalt til

Kyrkjebladet Hyrdingen
Kleivavegen 2
5574 Skjold

Belast konto

Kvittering tilbake

	Kundeidentifikasjon (KID)	Kroner	Øre	Til konto	Blankettnummer
H			< >	3240.11.17937	<6162000361>

Vil du støtta kyrkjebladet?

Bladpengar er di støtte til kostnadane med bladet.

Hyrdingen kjem ut til alle husstandar i Vindafjord fire-fem gonger i året, i tillegg vil vi leggja ut informasjon på: **vindafjord.kyrkjer.no**. Her vil du også finna referat frå møte i sokneråda og anna nyttig informasjon.

Arbeidet i redaksjonen er på dugnad, men det er kostnadar med layout, trykking og utsending. Kyrkjebladet blir finansiert ved «Frivillege Bladpengar», gåver og støtteannonsar. Tusen takk til deg som nyttar **VIPPS 53 14 72 eller giroen til konto: 3240.11.17937**. Vi føreslår kr 275 i året, men du avgjer beløpet.

Sokneråda står bak bladet som er kyrkja sin informasjon til innbyggjarane om tilbod til små og store i kyrkjene, og litt om kva som skjer i kyrkjer og bedehus.

Nye abonnentar utanfor kommunen må senda ein e-post med namn og adresse til: redaksjonen@hyrdingen.no

Skann denne QR-koden



GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - joker.vikebygd@joker.no

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg

Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 Sør-Norge

Haugesund Sparebank

Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

• Gravferd • Gravstein

• Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379

olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

Støtteannonser

Har du ei bedrift som vil støtta kyrkjebladet med ei annonse? Ta kontakt med redaktøren, telefon 90873170.

Open kyrkje med keltisk kveldsbøn

Info: Magne Østvold

Ølen kyrkje vil og i haust vera open for dei som vil ha ei stille stund og eventuelt tenna eit lys. Gud kan og møte oss i stillheit. Kyrkja er open frå klokka 18.00 til 19.30. Den første timen kan du koma og gå slik det passar for deg. Den siste halvtimen blir det felles bøn i keltisk tradisjon.

Hovudsenteret for den keltiske kyrkja var Irland. Keltisk tradisjon refererer til kristendommen rundt Irskesjøen i tidleg mellomalder. Keltarane ser på naturen som ei heilag bok som fortel oss noko om Gud. Gud er til stades i skaparverket sitt. Og me kan merke at han er nær oss også der. Naturen er ikkje berre spor etter ein usynleg skapargud, men kan lære oss noko om Gud og kven han er. Går me til Bibelen, særleg i Salmenes bok, finn me mange tekstar som brukar bilete frå naturen for å seie noko om Gud.

Det blir tre samlingar i haust frå kl. 18.00–19.30 i Ølen kyrkje: 17. september, 15. oktober og 19. november.

Dato	Stad/kyrkje	Tid	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Preiketekst
20/09/2026	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Sjømannskyrkja	Joh 11,17-29 og 30-46
20/09/2026	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste m/konfirmantpresentasjon, gullkonfirmantar. Takkoffer: Lokal trusopplæring	Joh 11,17-29 og 30-46
27/09/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Brandøy	Matt 8,14-17
27/09/2026	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Diakoniarbeidet	Matt 8,14-17
27/09/2026	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, Gullkonfirmantar, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 8,14-17
04/10/2026	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Matt 5,20-26
04/10/2026	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste. Gullkonfirmantar, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 5,20-26
11/10/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Joh 11,1-5
18/10/2026	Vikedal kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, 4-åringer, Takkoffer: Redd Barna	Matt 22,15-22
18/10/2026	Vats kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, hausttakkefest, 4 -åringar, Takkoffer: Sambolabo	Matt 22,15-22
18/10/2026	Ølen kyrkje	16:00	Familiegudsteneste, 4-åringar, Takkoffer: Redd Barna	Matt 22,15-22
25/10/2026	Sandeid kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, 4-åringar, Takkoffer: FUT	Luk 13,22-30
25/10/2026	Skjold kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, hausttakkefest, 4 åringar, Takkoffer: Sambolabo	Luk 13,22-30
25/10/2026	Vikebygd kyrkje	13:00	Gudsteneste, hausttakkefest, 4 åringar, Takkoffer: Hyrdingen	Luk 13,22-30
25/10/2026	Imsland kyrkje	13:00	Familiegudsteneste, 4-åringar, Takkoffer	Luk 13,22-30
01/11/2026	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, allehelgensdag, Takkoffer	Matt 5,1-12
01/11/2026	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, allehelgensdag, Takkoffer: Frelsesarmeen Haugesund	Matt 5,1-12
01/11/2026	Ølen kyrkje	18:00	Minnegudsteneste, Takkoffer	Matt 5,1-12
08/11/2026	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Evangeliesenteret	Joh 6,63-69
08/11/2026	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 6,63-69
15/11/2026	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Lokal trusopplæring	Mark 2,1-12
15/11/2026	Skjold kyrkje	17:00	Gudsteneste, kveldsmesse med kveldsmat, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Mark 2,1-12
22/11/2026	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	Matt 25,31-46
22/11/2026	Imsland kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, 5. klasse. Tidslinja, Takkoffer	Matt 25,31-46

FRÅ KYRKJEBOKA

BJOA

Gravlagt:
23.06.26 Hanna Marie Solheim f.1939

Vigde:
01.08.26 Mathilde Saghaug og Mattias Oliver Game

ØLEN

Døypte:
07.06.26 Matheo Eikesdal Pettersen
07.06.26 Ava Nordtveit Rullestad
21.06.26 Ingvild Heggen Berge
21.06.26 Håkon Baisgård Granberg

Gravlagt:
02.06.26 Svein Helge Haugland f.1960
05.06.26 Anita Østerås Bitnes f.1977
05.06.26 Johannes Vaka f. 1933
26.06.26 Gerd Helene Haugland Rullestad f.1942
04.08.26 Samson Børve f.1934

Vigde:
13.06.26 Amalie Ersland Hellås og Trygve Enes Eide
20.06.26 Hanna Vae Mannes og Jonas Mannes
04.07.26 Andrea Eidsheim og Simon Berg

SANDEID

Døypte:
31.05.26 Tuva Sætre

Gravlagt:
15.05.26 Sverre Bernhard Ihle f.1931
30.06.26 Aagot Eva Apeland f.1937
24.07.26 Arne Ødegård f.1941

Vigde:
20.06.26 Alvhild Nordtveit og Vegard Kambe
04.07.26 Tove Elin Lien og Kjetil Langelid

VIKEDAL

Døypte:
24.05.26 Hanna Rørtveit Dahlberg
24.05.26 Emil Bråtveit Mo

Vigde:
30.05.26 Stine Østerhus Bakkevold og Andreas Bakkevold
06.06.26 Kristian Torstenbø og Karoline Urdal
06.06.26 Sondre Hundseid Eikeland og Marianne Seglem Holthe

Gravlagt:
07.07.26 Anne-Marie Reimers f.1930

IMSLAND

Gravlagt:
24.07.26 Sigurd Magnar Hauge f.1946

SKJOLD

Døypte:
24.05.26 Elisa Håvardsen Nes
14.06.26 Solveig Svendsbøe
19.07.26 Eva Kristine Hovland Nonslid
19.07.26 Isak Meling Van Oosterhout
09.08.26 Sofie Krakk Haugen

Gravlagt:
09.06.26 Magda Nådland f.1928
19.06.26 Kjersti Eikanger f.1984
07.07.26 Anne-Sofie Knutsen f. 1941
04.08.26 Marit Synnøve Berge Tveit f.1950

Vigde:
30.05.26 Bjarte Vaula og Marie Wallem Aspaker
19.07.26 Einar Hovland Nonslid og Linn Mari Hovland

VATS

Døypte:
12.07.26 Live Høyvik Spartveit
02.08.26 Werner Skrunes

Gravlagt:
10.07.26 Aud Marit Krakk f.1946

Vigde:
26.06.26 Anethe Camilla Nordbø-Bonde og David Bonde
27.06.26 Kjell Magnus Duesund og Miriam Olsen
08.08.26 Lena Jansen og Vebjørn Sørbotten

VIKEBYGD

Gravlagt:
07.08.26 Peder Ingvald Svendsbø f.1939

Kyrkjetunet Ølen			Sjå: www.kyrkjetunet.no/kalender
24.9.	torsdag	19.00	Fellesforum NMS
14.10.	onsdag	19.00	The Chosen 5 - samling 1
28.10.	onsdag	19.00	The Chosen 5 - samling 2
5.11.	torsdag	19.00	Fellesforum NMS
11.11.	onsdag	19.00	The Chosen 5 - samling 3
25.11.	onsdag	19.00	The Chosen 5 - samling 4
29.11.	søndag	19.00	Kveldssamling - Arne Lindekleiv (IMS)
5.12.	laurdag	19.00	Adventssamling NMS

Bønnemøte kvar tirsdag kl 19:00

Vindafjord Soul Kids (5-10 år) og **Soul Children** (5.-10. kl)
øvingar annakvar tirsdag kl 17.30 frå og med 1. september

Torsdagstreff kl. 11–13 (kr 100,-).
1.okt.: Lokalhistorie frå Seljestad v/Hartwig Waage
5.Nov.: Gamle bilder frå Ølen og omegn v/Terje Lunde

Vågen bedehus			Sjå: www.vaagenbedehus.no
20.9.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule. Nattverd.
27.9.	søndag	19.30	Kveldssamling v/Torstein Barlaup
4.10.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule. Tale: Kjetil Fyllingen, IMS
14.-16.10	ons.-fred.	19.30	Kveldssamling (møteveke) v/Steinar Dimmen, NLM
17.10.	laurdag	17.00	Generasjonssamling (møteveke) v/Steinar Dimmen
18.10.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule. Tale: Steinar Dimmen
25.10.	søndag	19.30	Kveldssamling v/Birger Helland
1.11.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule. Tale: Eirik Stensland, IMS
15.11.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule. Nattverd.
21.11.	laurdag		Julemesse, sjå info på web
22.11.	søndag	19.30	Kveldssamling v/Olav Eikemo
27.–28.11.	fre-laurd.	19.30	Kveldssamling (møtehelg) v/ Roald Evensen, IMF
29.11.	søndag	11.00	Storsamling m.søndagsskule. Tale: Roald Evensen, IMF

Øvre Vats bedehus			
17.9.	torsdag	19.00	Bedehusbasar
23.9.	onsdag	19.00	Bedehusmisjonen
6.10.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff 11-13
14.–15.10.	ons.-torsd.	19.00	Lekmannsmisjonen
20.10.	tirsdag	13.00–20.00	Innsamling til Open Heart Ukraina +NB. Møte i Vikebygd torsdag 22.10.
3.11.	tirsdag	11.00	Føremiddagstreff 11-13
4.11.	onsdag	19.00	NMS
5.11.	torsdag	19.00	Bedehusmisjonen
7.11.	laurdag	19.00	Bedehusmisjonen

Arken bedehus			Sjå: www.arken.no
15.9.	tysdag	19.00	Bibelundervisning
16.9.	onsdag	19.00	Møte med Godt Nytt
20.9.	søndag	18.00	Påfyll
24.9.	torsdag	18.00	Haustbasar
30.9.	onsdag	19.00	Møte med NMS
4.10.	søndag	19.00	Når me kjem saman
7.10.	onsdag	19.00	Normisjonskveld
13.10.	tysdag	19.00	Bibelundervisning
18.10.	søndag	18.00	Påfyll
21.10.	onsdag	19.00	Møte med Flymisjonen
28.10.	onsdag	19.00	Hans Nilsen Hauge-kveld
1.11.	søndag	19.00	Når me kjem saman
10.11.	tysdag	19.00	Bibelundervisning
11.11.	onsdag	19.00	Normisjonskveld
18.11.	onsdag	19.00	Møte med DISM
22.11.	søndag	18.00	Påfyll

Faste aktivitetar:

Bønnemøte torsdag kl. 18.00, den: 17.9.; 1.10.; 29.10; 12.11.

Chosen-samling torsdag kl. 19.00, den: 17.9.; 1.10.; 29.10; 12.11.

Mannskor måndag kl. 19.30, den: 21.9.; 5.10.; 19.10; 2.11.

Dugnad og sosialt måndag kl. 18.00: 28.9.; 12.1.0; 26.1.0; 9.11.

Sprell Levande
Onsdagar kl .17.00, flg. datoar:
16. sept.,30. sept., 14. okt., 11. nov., 25. nov.

Loftet
Fredagar 25.sept. og 23.okt. kl. 19.00

Feedback
Fredagar 18. sept. og 2. okt. kl 19.30
Laurdag 24. okt. kl. 17.00 Bowling
Fredagar 30. okt., 13. nov. og 20. nov. kl. 19.30

Vikebygd bedehus			Sjå og plakatar og Facebook-sida
23.9.	onsdag	19.30	Møte. Song og musikk ved BE-gjengen. Andakt: Ivan Vik, Evangelisk Orient Misjon.
7.10.	onsdag	19.00	Kveldsmatbuffet, prat, minikonsert av Røyst- mannskor frå Arken
22.10.	torsdag	15-18	Innsamling til Ukraina (sjå artikkel)
22.10.	torsdag	19.00	Møte m.Open Heart, Hallvard Hasseløy fortel frå Ukraina
4.11.	onsdag	19.00	Mat og prat. Kveldsmat og kveldsord.
18.11.	onsdag	19.30	Møte NLM. Tale: Preben Solvang

Innbjoa bedehus
Mini-Credo
Det vert Mini-Credo frå kl. 17.30 – 19.00 desse datoane:
15/9, 29/9, 13/10, 27/10, 10/11, 24/11 og 8/12.
Credo
Det vert Credo frå kl. 18.00 – 20.00 desse datoane:
28/8, 11/9, 25/9, 9/10, 23/10, 6/11, 20/11 og 4/12.
The Chosen
Det vert The Chosen kveldar kl. 19.00 desse datoane:
9/9, 23/9, 7/10, 21/10, 4/11,18/11 og 2/12.
Formiddagstreff
Det vert Formiddagstreff kl. 11.00 – 12.30 desse datoane:
20/8, 17/9, 22/10 og 19/11.
Mandagssamlingane
Det blir bønn/nattverd/møte kvar mandag kl. 18.30.
Første samling blir den 17/8. Siste samling i haust blir den 21/12.
Bibelstudie og bønn
Det blir bibelstudie og bønn kvar onsdag kl. 11.00.

Salmekveld i Ølen kyrkje

Torsdag 22. oktober vert det salmekveld i Ølen kyrkje kl. 19.00 ved Ole A. Aadland (kåseri) og Kjell Ravatn (musikk).
Me markerer 101-årsjubileum for Nynorsk Salmebok (1925), av nokre kalla «salmebok med saltsmak», ettersom det i høg grad var bonde- og fiskarsøner som sette sitt preg på innhaldet – med bilde frå Nord-Norge og Vestlandet med hav, kyst, fjord og strand. Me syng salmar av Elias Blix, Bernt Støylen, Anders Hovden og fleire andre.

Torsdagstreff på Kyrkjetunet, Ølen

Hausten 2026, kl. 11–13.
1. oktober
Lokalhistorie frå Seljestad v/Hartwig Waage
5. november
Gamle bilder frå Ølen og omegn
v/ Terje Lunde
3. desember
Julesang-program v/ Ole Agnar Aadland & Per Sigmund Bukkholm. Pris kr. 100,-

Brandøy Misjons- og konferansesenter

Sjå leir-programmet på:
indremisjonssamskipnaden.no/leirar/

Jazzkonsert i Ølen kyrkje med Jarmer/Odeen kvartett 1.10.:

Velkommen til jazzkonsert ved Lasse Jarmer og Morten Odeen i Ølen torsdag 1. oktober kl. 19.00. Ølen kyrkje har fått nytt lydanlegg som løftar musikken ved konsertar.

Jazzkvartetten blei danna som eit «stunt» til Kulturnatt i Etne 2011. Musikarane syntest dette var så kjekt at kvartetten har eksistert sidan. Alle i kvartetten har lang fartstid med mange ulike band innan ulike sjangrar. Kvartetten har spelt fleire gonger på Kulturnatt og hatt konsertar på Haugalandet opp igjennom åra. Bandet spelar varierte låtar innan jazz/jazzrock-sjangeren. Repertoaret er variert - med låtar av Miles Davis, Mezzoforte, Herbie Hancock, Sonny Rollins mfl. Viss du likar band med spenstige rytmar, improvisasjon og speleglede, så lån øyra til Jarmer/Odeen kvartett.

Musikarane i Jarmer/Odeen kvartett er: Morten Odeen, trombone; Lasse Jarmer, keyboards; Anders Lunde, bass; Arne Haugen, trommer. Ing. billett kr 200,-



FRAMTID OG HÅP
Konsert med Seven-jentene

Bli med på ei varm og fin konsertoppleving i Ølen kyrkje, med musikk som løftar fram fred, håp og framtid.

17. oktober 2026 kl. 17:00 i Ølen kyrkje.
Pris: 250 kr. for familiebillett / 100 kr for enkeltbillett. Billettar: Sal i døra frå kl. 16.30
Konserten passar for ALLE.

Om Sevenjentene

Sevenjentene er ei gruppe på over 20 jenter i alderen 10 til 18 år, som held førestillingar om trua, livet, Bibelen og andre ting som gjeld oss. Dei har halde på i 23 år, med til saman over 1600 opptredenar. Sommaren 2025 var Sevenjentene klare med sin splitter nye førestilling: «Framtid & Håp» - ei framføring som ønskjer å gje eit håpefullt og positivt syn på framtida. Både når det gjelder tru, himmel, verda og heilt ned til korleis små handlingar kan gjera ein stor forskjell for framtida - både for oss sjølve og dei som er rundt oss.



LAGET - ein livskraftig 101-åring – Invitasjon til samling for Lagsvener

Av Liv Heidrun Heskestad,
Leiar Lagsvennutvalet Rogaland

I over 100 år har Laget vore viktig for skuleungdom og studentar i heile landet. Og Laget er framleis livskraftig. Arbeidet er variert og kreativt; eit besøk på nkss. no fortel om spennande satsingar og aktivitetar.

Dei siste åra har det vore vanskelegare å ha lag på ungdoms- og vidaregåande skular, og Laget - og ungdommane - treng meir enn nokon gong gode støttespelarar. Her er Lagsven-arbeidet sentralt. Laget har alltid hatt lagsvener som har støtta Laget med forbøn og økonomi. Aktivitetane har varierte, men dei siste åra har det vore lite aktivitet i Rogaland. No startar vi arbeidet opp att og inviterer gamle og nye lagsvener til samling:
Onsdag 14. oktober kl. 19.30 i Nedre Banegate 19, i Stavanger.

Det blir info om Laget, arbeidet både nasjonalt og i vår eigen region. Lagsarbeidarane i regionen deltar og fortel. I tillegg får vi tale av prof.emeritus Knut Alfsvåg.

Vi presenterer det nyoppretta Lagsvennutvalet i Rogaland, og utvalet ønskjer innspel til kva Lagsvenarbeidet i Rogaland skal vera vidare framover. Vi inviterer alle Lagsvener, alle som ønsker å støtte Laget og alle som kanskje vil bli aktive Lagsvener.



Innsamling til Ukraina

Ansv.: Ingeborg Vågen

Den årlege innsamlinga av klede og utstyr til Open Heart Ukraina vert i oktober. Vi håpar mange har noko dei vil senda. Alt kjem vel med i det krigsherja landet der fattigdommen er stor. Du kan senda reine og heile klær, dyner, gardiner, sko, leiker, kosebamsar, skuleranslar, toalettsaker, bleier til barn og vaksne, lommelykter, batteri, stearinlys og fyrstikker (straumen er borte mange timar i døgeret). Du kan òg senda tørre matvarer og hermetikk. Har du gode madrassar - tek me òg imot det. Tusen takk til alle som leverer. Me ber om kr. 50 pr. sekk til å dekka frakta. Bruk gjerne VIPPS nr. 36115. Her kan du levera:

Austreimsbygda bedehus
den 19.10. kl. 16.00–20.00
Kontakt: Margrethe Askeland tlf. 975 36 437
Øvre Vats bedehus
den 20.10. kl. 13.00–20.00
Kontakt: Ingeborg H. Vågen tlf. 911 81 157
Vikebygd bedehus
den 22.10. kl. 15.00–18.00
Kontakt: Geir Vårvik tlf. 900 42 202

Møte med Open Heart Ukraina

Vikebygd bedehus 22.10. kl.19.00
Hallvar Hasseløy fortel nytt frå Ukraina.
Kollekt og enkel servering.



Glade mottakarar av norske gåver i Ukraina. Tusen takk! Foto: Open Heart Ukraina

Nye konfirmantar

Tekst og foto: Berit Stople, kyrkjelydspedagog



Ester L. Åsheim har undervisning på konfirmantdagen på Brandøy.



Uteaktivitetar og oppgåver for ungdommane.

Det nye konfirmantåret starta med eit smell for alle dei flotte konfirmantane i Vindafjord-kyrkjene på Brandøy leirplass laurdag 22. august. Der hadde me bli kjent-aktivitetar, undervisning, prat, mat og leik. Det skal bli spennande å bli meir kjent med konfirmantane utover året og fram mot konfirmasjon i 2027!

Kyrkjeleg undervisning og læring

Av: Berit Stople, kyrkjelydspedagog

Utover hausten blir det mange aktivitetar for små og store rundt om i kyrkjelydane.

Her er nokre eksempel på aktivitetar denne hausten er:
Oppstart konfirmantåret, Naturlegvis for 3.klassingar, oppstart Babysong, 4 års-samlingar og utdeling av Barnebibel, oppstart av Supersong 3-5 åringar i Sandeid, Krølletreff for 2 åringar, Gudsrikeleiken for 3(4) åringar, Lys Vaken for 6.klassingar, julevandringar med barnehagane.

Program og påmelding:
Me fortset med å dele ut invitasjonar på ulike måtar. Om du saknar invitasjon eller berre vil følgje med på det som skjer så kan du sjå dette via Vindafjord kyrkjer si heimeside:

www.vindafjord.kyrkjer.no



Naturlegvis for 3.klassingar, i Hogganvik 2025.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 19. november.

Frist for levering av stoff er 12. oktober.